

Høyring om justering av hovudgudstenesta

Uttale frå Bryne sokneråd

1a: Hvordan mener dere gudstjenestereformen har påvirket gudstjenestelivet i deres menighet og i Den norske kirke?

Gudstjenestereformen var etterlengta og velkommen i vår kyrkjelyd og i mange vi kjenner til. Hos oss førte reformen til eit omfattande arbeid og engasjement blant tilsette, tillitsvalde og frivillige i korleis gudstenesta vår skulle feirast og kvifor.

Fleire vart engasjerte i gudstjenesteforståing, valg av grunnordning, musikk og praktisk gjennomføring. Reformen har styrka kyrkjelyden sin eigarskap til gudstenesta.

1b: Hva har fungert godt, og hva har fungert dårlig ved gudstjenestereformen?

Dårlegast:

Kombinasjonen av det musikalske frisleppet i første fase og den musikalske innstramma i neste, utan at stoffet har vore godt nok tilrettelagt.

Best:

Vi meiner at kjerneverdiane for gudstjenestereformen var og er svært gode og utløyser engasjement. Reformen gjorde at vi formulerte visjonen vår slik: «*Fleire saman!*»

Og verdiane slik: «*Gudstjenesteliv i Bryne kyrkje skal byggja på kjerneverdiane for hovudgudsteneste i Den norske kyrkja: Lokal forankring, involverande deltaking, fleksibel og gjenkjennande form.*»

Vi brukte bevisst ikkje det framandgjerande ordet «stadeigengjering», men kalla det **lokal forankring**, det som gjer at lokale ressursar, folkementalitet, nådegåver, trushistorie og kyrkjerommet sin karakter skal få prega gudstenesta.

Reformen har styrka ei brei **involvering** hos oss. Vi har nå 3 gudstjenestegrupper som planlegg og gjennomfører gudstenesta, ei gruppe med unge ministrantar, 8 ulike tenestegrupper og tenestefunksjonar. I løpet av eit gudstjenesteår blir også 90 konfirmantar involverte i praksisoppgåver og medliturgoppgåver, det same blir trusopplæringsdeltakarar i om lag 4 hovudgudstenester. I tillegg er vi bevisste på å trekkja inn solistar, musikarar, kulturskuleelevar og eksterne talarar.

Hos oss gjer vi dette i rammen av ei ganske fast og tradisjonell lokal grunnordning. Vi herjar ikkje med ORDO.

1c: Hvilke av de momentene som er nevnt ovenfor mener dere vi særlig bør rette vår oppmerksomhet mot i gudstjenestearbeidet fremover?

Her kjem **vårt viktigaste høyringspoeng**:

Dei 3 kjerneverdiane for gudstjenestereformen er verdier som verkar saman og forutset kvarandre. Den omfattande involveringa i vårt gudstjenestearbeid er berre mogleg når vi seier eit tydeleg ja til den lokale kulturen og veremåten, og når liturgien er såpass fleksibel at det er mogleg å sleppa mange og ulike aktørar til i gudstenesta.

Altså:

Lokal forankring og fleksibelt handlingsrom i planlegging av ei gudsteneste er ei forutsetning for å ta vare på og utvikla den viktige involveringa som gudstjenestereformen har gitt rom for. Vi er difor skeptiske til enkelte av forslaga til justert liturgi og syns at fleire kan-ledd nå ikkje bør bli bytta ut med skal-ledd.

1d: Hvilke behov ser dere for et mer variert gudstjenesteliv med ulike former for gudstjenester?

Kyrkja treng og skal arbeida for eit variert gudstjenesteliv med ulike former for gudstjenester. Mange stader, kanskje dei fleste stader, må dette skje innanfor hovudgudstenesta. Då er det viktig at ordninga ikkje står der med absolutte nei og krav om slik det må gjerast. Lat heller ordninga vera og fungera som ein grunnmeny som sikrar næringsinntaket, men ikkje står i vegen for utvalde smårettar.

Kyrkja må stola på at kyrkjelydane med sine tilsette og tillitsvalde gjer kloke val. Det ber med seg ein risiko, for noko **kan** gå galt. Men å binda kyrkjelydane til ei ordning prega av regelstyring **må** gå galt. Kyrkja skal ha frie nok ordningar til å veksa nedanfrå og blomstra slik at folk blir tiltrekte og engasjerte!

Høringsspørsmål 2: Mener dere at det er behov for å justere eller presisere noe ved prosedyren for hvordan menighetens lokale grunnordning utarbeides og vedtas (jf. Alminnelige bestemmelser)? Hva bør endres?

Sidan saka gjeld ei justering av hovudgudstenesta og ikkje ein revisjon, er det viktig å halda fast ved hovudtrekka i «Allmenne føresegner».

Med ei hovudgudsteneste som er føreslått justert til å ha færre valgmuligheter er det viktig å ta inn eit punkt om at biskopen kan godkjenne gudstjenester som avvik frå normalordninga.

Høringsspørsmål 3e: Er dere enige i at samlingsbønnen ikke lenger blir obligatorisk, men et valgfritt ledd?

Dette er vi enige i. Men vi har klare innvendingar mot å gjera det obligatorisk for alle å stå under Inngangssalme (3c) og særleg under «Helsing» (3d). Kyrkjerom og gudstjenesteforsamlingar er ulike. Når alle står, kan barn og kortvaksne mange stader ikkje sjå salmetekst på skjerm, eller involverte aktørar som spelar instrument eller føretek lystennning, eller presten si helsing (lågt korparti). Hos oss står vi under inngangssalme, bortsett frå gudstjenester med mange små barn eller fleire involverte aktørar i koret under salmen.

Forslaget bør ikkje vera så absolutt og regelstyrt. Bruk anten «kan stå» eller at «kyrkjelyden normalt står under prosesjon og salme». Under helsing bør det vera normalordning å sitja slik at alle er like inkluderte i å sjå godt.

Høringsspørsmål 3 f: Har dere endringsforslag eller kommentarer til leddet syndsbekjennelse i høringsforslaget?

Den gamle syndsvedkjenninga hadde: «For Jesu Kristi skuld». Den nye syndsvedkjenninga bør og knyta tilgjevinga og det nye livet til Jesus Kristus. Framlegg: «*For Jesu Kristi skuld, tilgjev oss og set oss fri*»

Vi har ein kommentar til forslaget om å endra innleiing til syndsvedkjenning frå 3 variantar til 1. Dette ser greitt ut på bokmål, men er meir problematisk på nynorsk. Nynorskordet «sanna» ligg etter kvart langt frå daglegtale i ein del område som nyttar nynorsk. Der vil både born og unge og mange vaksne slita med å forstå av ordet kva som nå skal skje. Å ha

berre ein innleiingsvariant vil lett føra presten mot ein dialektprega hybrid: Å seia «bekjenna» i staden for «sanna». I ein nynorsk-kyrkjelyd vil det på denne måten vera viktig å ha alternativet: «*Lat oss bøya oss for Gud og be om tilgjeving*».

For oss synleggjer dette det uforståelege og uakseptable at det berre er bokmåsliturgien som er lagt til grunn for denne høyringa. Det er ei nedvurdering og hindring av nynorsk-kyrkjelydar sin stemme, og det er ei språkleg nedvurdering eller feilkobling. For ein god nynorsk tekst oppstår ikkje som ei omsetjing av bokmåsliturgien. Dette burde og skulle Kyrkjerådet gjort betre! Vi kjem tilbake til det under nattverdbønene.

Høringsspørsmål 3i: Er dere enige i at ledd 8 Dagens bønn blir obligatorisk i alle hovedgudstjenester, og ikke et valgfritt ledd?

Nei, dagens bøn bør framleis vera eit valfritt ledd – eller tilrådd -, på same måten som samlingsbøn. Det vil vera dramaturgisk og pedagogisk ujamnt korleis bøna fungerer den aktuelle sundagen på overgangen mellom samlingsdel, dåpshandling og Ordet sin del. Hos oss og mange stader er dette også staden då sundagsskulebarna går til eige opplegg.

Høringsspørsmål 3 j: Gi eventuelt andre kommentarer til høringstema 3?

Samlingsdelen er viktig og skal vera gjenkjennbar utan å bli ordrik. Enkelte sundagar, særleg med dåp, må det vera rom for liturgisk skjønn med å korta inn, slik at dei som kjem til kyrkja ikkje får for mange ord å forhalda seg når dei kjem fram for Guds ansikt. Å regulera slikt i hovudliturgien er vanskelegare enn det er i praksis. Men det hjelper at rubrikkane seier «kan» i staden for «skal».

Høringsspørsmål 4: Har dere endringsforslag eller kommentarer til hoveddel II. Ordet?

Vi ser ingen gode grunnar for å endra på dagens rubrikkar og ordning for 12. Evangelium. Obligatorisk hallelujavers før/etter evangelielesinga er ein dårleg idè. Vi kjenner ikkje til musikalske vers av ein slik kvalitet at det kan skapa «gjenkjenninga si glede» felles for alle (slags) norske kyrkjelydar. I tillegg vil ei fasttømra ordning for evangelielesing omkransa med halleluja-vers låsa Ordet sin del i gudstenesta. Det er sjølvmotseiande å lukka Ordet inn i liturgi. Ordet skal vera kreativt og fritt. Den norske kyrkja skal ha gudstjenester der Ordet står fram med si eiga kraft og karakter. Der barn, unge og vaksne gjerne formidlar Ordet gjennom drama. Ikkje alltid bør teksten vera lesen først. Ikkje alltid får forkynnaren rom for kreativ formidling utan at teksten kan koma undervegs i forkynninga. Dessutan: Forslaget snevrar inn handlingsrommet for å involvera songarar/musikarar/kulturskuleelevar i Ordet sin del.

Kort sagt:

Å låsa evangelielesinga inne i liturgisk form kombinert med hallelujavers er i strid med kjerneverdiane involvering, fleksibilitet og lokal forankring. Forslaget er ikkje ei justering, men ein revisjon og må avvisast.

Det same gjeld forslaget om å ta ut Forbønsdelen som hovudledd og leggja forbøna inn i Ordet sin del. Særleg er vi ueinige i rubrikken som inneber at ein ikkje lenger kan kombinera bønnevandring med nattverdutdelinga. Det vil vera eit stort tap. Hos oss kombinerer vi nattverdutdeling og bønnevandring relativt ofte. Vi gjer det opp mot 2 gudstjenester i månaden, i gudstjenester for barn og i kveldsgudstjenester for vaksne. Gode frivillige er involverte i vakkert og godt tilrettelagde bønnebord, vi har fått styrka den handlande

truspraksisen i gudstenesta gjennom dette, og det er mindre synleg kva folk går og ikkje går til. Dersom justeringa av liturgien (som altså ikkje skal vera ein revisjon!) lukkar dette til, vil resultatet bli anten færre bønnevandringar eller færre nattverd gudstenester – viss me då ikkje skal/må korta inn på andre vitale deler av ei gudsteneste. Færre nattverd gudstenester er i alle fall i strid med intensjonen i gudstenestereforma. Trongare rom for handlingselement må vel høyra til same kategori.

Høringsspørsmål 5a: Kommenter gjerne nattverdpraksisen i menighetene i dag med tanke på særkalk og/eller intinksjon og med tanke på mottakelse av nattverd stående eller knelende på alterringen/altersranken?

Vi oppfattar utdeling med knefall som ei viktig handling. Kor elles bøyer me oss for Gud? Ståande nattverd senker grensa for å ta del i nattverden. Me bruker dette medvite i trusopplæringsgudstenester. I vanlege gudstenester har vi 6 nattverd utdelarar, både knefall med beger og ein stasjon med nattverd ved intinksjon. For oss kombinerer dette valfridom, djubde og inkludering.

Det er ikkje sjølvinnlysande at bruk av særkalk held fast preget av å eta og drikka. Oblaten hjelper heller ikkje til for å skapa måltidspreg.

Høringsspørsmål 5b: Gi gjerne kommentarer til valgene av ordene som er foreslått.

Vi støttar å behalda «*Heile jorda er full av din herlegdom*». Vi støttar også dei språklege endringane frå kalk til beger, og frå lekam til kropp, og frå kalk og disk til brød og vin.

Høringsspørsmål 5c: Er dere enige i at takkofferet inngår i nattverdliturgien, og ikke i forbønnsleddet?

Nei, det er å lukka eit val som bør bli teke lokalt. Vi ser det ideelle økumeniske poenget, men meiner likevel at lokalt forankra val er viktigare.

1. Viss det skulle oppstå den minste tvil eller oppstå oppfatningar hos enkeltpersonar (noko ingen ideell teologi/liturgi kan sikra seg mot) at vår gåve er eit greitt grunnlag før me tek imot Guds nåde, så bør liturgisk praksis ikkje gje næring til slikt, men til oppfatninga nåden åleine.

2. Takkofferinnsamlinga er ein av (ikkje altfor mange høve) til involvering av songarar/musikarar. Dersom vi vil framelska breidde i kven me involverer (og det bør vi!), vil rommet for slik involvering bli mindre dersom takkofferet er ein del av nattverdliturgien.

Så: La dette vera fleksibelt, med eit kan-valg.

Høringsspørsmål 5e: Har dere kommentarer eller endringsforslag til ledd 19 og 20 i høringforslaget?

Vi støttar framlegget.

Høringsspørsmål 6: Gi gjerne kommentarer eller endringsforslag til nattverdbønnene?

Vi registerer at nattverdbønn E nå har fått enklare og betre språk. Bra!

Elles er dette eit sårt punkt i høyringa for våre nynorsk-kyrkjelydar. Her får vi altså ikkje gje innspel til betre språk i nattverdbøner på nynorsk. Dermed vil vi innstendig be om bruk av

gode stilistar (Kva med å spørja Edvard Hoem?), slik at språket på gudstenesta sitt høgdepunkt finn kortaste vegen til hjarta, til takken, til trua og håpet. Dette er viktig! Og nynorsk er enkelt. Folkespråk. Nær livet.

Vi gjev eit eksempel på noko som bør endrast. For dessverre ber enkelte formuleringar i nynorskliturgien av 2011 også preg av språk som ikkje er stilistisk god nynorsk og verkar framandgjerande som bønnespråk.

Eksempel: Den gode takkebøn A etter nattverden har fått ei komprimert form som vi opplever som lite funksjonell i ei bønn som skal uttrykkja kyrkjelyden sin takk for gåva i nattverden. Det gjeld uttrykket «*Jesu Kristi sigerrike død og oppstode*». Opphopinga av substantiv og genitivkonstruksjonen er tung og framand i nynorsk språkbruk og gjev ein «høgstil» som fort distanserer og distraherer den bedande. Det blir rituelle, skriftlege ord, ikkje ord hjarte og sjel lett kan gjera til sine.

Nynorskbønner må vera meir verbale. Om så bruka litt fleire ord for å dekkja det rike innhaldet som denne bønna skal ha. Forslag til tekst:

Vi takkar deg, nådige Gud, du som gjennom brødet og vinen har gjeve oss del i **Jesus Kristus og sigeren han vann for oss då han døydde og sto opp.**

Alle: Styrk oss ved din Ande til vitnemål og teneste i verda.

Høringsspørsmål 7: Har dere kommentarer eller endringsforslag til hoveddel IV. Sendelse?

Vi støttar forslaget.

Oppsummert høyringsuttale:

Den norske kyrkja og vårt bispedømme har sett «Gudstenestelivet blomstrar» som første satsingsområde. Forslaget til justering av hovudgudstenesta er på viktige punkt i strid med dette satsingsmålet. Forslaget vil fungera meir innstrammende enn forløysande.

Vi meiner at forslaget har sett kjerneverdiane i gudstenestereforma for mykje i spel og gått ut over justeringar og inn i revisjon. Blomstrande gudstenesteliv i Den norske kyrkja er ikkje tent med å stramma inn **fleksibilitet** på dei punkta som vi har meldt frå om i denne høyringa. Det vil gå ut over **involverande deltaking** og kreativ planlegging. Vi meiner det er viktig å byggja på **lokal forankring** både av gudstenestekultur og av vedtak og godkjenningar lokalt i soknet og hos biskopen.

Og: Kven kunne finna på at ikkje nynorskliturgien var verd ei reell høyring!

Eller at nynorskkyrkjelydar ikkje skulle motiverast til å delta i ei høyring som jo ønskjer å fremja meir nasjonal gjenkjenning i gudstenesteliturgien frå kyrkje til kyrkje. Uforståeleg og ukløkt!